

NATIONEN

Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo

Besøksadresse:
Schweigaardsgate 34 A
www.nationen.no

Sentralbord:
Telefon: 21 31 00 00
Fax: 21 31 00 90
Redaksjonen etter kl. 16.00:
21 31 00 25

Sjefredaktør/daglig leder:
Tove Lie
Direktenummer: 21 31 00 40
tove.lie@nationen.no

Magasin- og kulturredaktør:
Britt Sofie Hestvik
Direktenummer: 21 31 00 65
britt.hestvik@nationen.no

Politisk redaktør:
Erling Kjekstad
Direktenummer: 21 31 00 20
erling.kjekstad@nationen.no

Nyhetsredaktør:
Sveinung Engeland
Direktenummer: 21 31 00 35
sveinung.engeland@nationen.no

Samfunnsredaktør:
Pernille Huseby
Direktenummer: 21 31 00 45
pernille.huseby@nationen.no

Administrativ redaktør:
Carl Hamre
Direktenummer: 21 31 00 16
carl.hamre@nationen.no

Trøndelagskontoret:
Hans Bårdsgård
Mobiltelefon: 911 98 998
hans.baardsgaard@nationen.no

Kato Nykvist
Mobiltelefon: 913 22 017
kato.nykvist@nationen.no

Debattredaksjonen:
Mona Askerød
Direktenummer: 21 31 00 31
mona.askerod@nationen.no

Abonnement og distribusjon:
Man.-fre. fra kl. 08.00 til 15.00
Tlf: 800 80 199
Fax: 21 31 00 92
abonnement@nationen.no

Annonser
Direktenummer: 21 31 44 44
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:
Hverdager fra kl.
08.00 til 16.00
Tlf: 61 35 98 29
Tlf: 61 35 98 30
Fax: 61 35 98 40
annonser@nationen.no



Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige utvalg (PFU) er klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

DAGENS GJEST

Raudt, Kvitt



Neida, dette er inga bokmelding av ein imaginær oppfyljar av Jon Fosse sin roman «Raudt, Svart», men einast ein freistnad på å få ut litt frustrasjon kring debatten om raudt og kvitt kjøtt som har kome fullstendig på villstrå det siste halve året.

Det toppa seg mot slutten av valkampen, då «distriktsminister» Haga innrømma å vere fargeblind. Etter fyrst å ha provosert bondestanden og hevda at det beste den miljømedvitne forbrukar kunne gjere var å ete kvitt kjøtt, kuvende ho og hevda at ho sjølvsgagt hadde meint raudt kjøtt og dermed la ho seg ut med nokre vørsjuke miljøforskarar, som alle hevda å inneha nett den sanninga som trengst til å fortelje folk kva som er rett å gale.

Eg kan lett tenkje meg korleis det gjekk til at Haga enda i skårgang. For der stilte ho altså opp, på direkten med ein stikkordslapp som ein av hennar rådgivarar nett rakk å trykke i nevene på henne i det ho hasta ut døra midt i ein travel valkamp. Rådgivaren hadde sjølvsgagt lest alle rapportane om det økologiske fotavtrykket, dette «lik-som-holistiske» rammeverket som er slik i vinden for tida og som sjølv ikkje dei – eller særleg ikkje dei – som brukar det forstår kun er enda ein redusert modell som prøvar å seie noko om eit komplisert system, som er så langt større enn seg sjølv. Derfor stod det på lappen til Haga at kvitt kjøtt er betre for miljøet enn raudt kjøtt – og Haga

stakkars, våga ikkje anna enn å lese det opp for lyttarane.

Då vakna bondehøvdingen og alle hennar kjernevelgarar, dei kunne ikkje finne seg i slikt frå sjølvaste «bondeparti»-leiaren. Og endeleg kunne Haga rette opp feilen, for ho tykte det var rart det som hadde stått å lese på lappen. Ho viste då like godt som alle andre at kyllingkjøtt og anna lyst kjøtt bokstaveleg tala var noko svineri kan du skjøne. Ei kort samtale med bondelagsleiaren var det som skulle til for å leggje seg flat, ho brydde seg ikkje med å klarere med eigne rådgivarar – det trongst då slett ikkje dette var så opplagt ein feil.

Ho meinte sjølvsgagt raudt kjøtt, ho var berre litt fargeblind så tidleg om morgonen. Det sa ho og det meinte ho. Men då vakna miljøekspertane. Med Pål Presterud frå Cicero i spissen, tok dei Senterpartileiaren i skule. Storfekjøtt gir eit økologisk fotavtrykk som er to til fire gongar større enn kjøtt frå fjørfe, hevda Presterud. Carlo Aall ved Vestlandsforskning legg til at ost nok er det verste og at

det snillaste raude kjøttet vist nok er sauekjøtt. Me visste då alle at sauer er ålreite dyr.

Haga stakkars, stolte berre på sitt sunne bondevit – det skulle ho ha helde fram med – men no laut ho altså gi seg ende over. I sin iver etter å skape blest om seg sjølv og eige forskingstema, hengde forskarane Haga på veggen utan tanke på at det finst eit publikum der ute, som til sjuande og sist heile forskingsfinansieringa sin legitimitet kviler på.

For me veit alle kva Aall og Presterud eigentleg øste seg for. Deira agenda var omlag like dårleg skjult som toåringar som vil leike gøyne og leite. Utan blygsel var dei einast ute etter å tigge pengar til eiga forskning, og i sin iver laga dei nok eit medieoppslag med ei vinkling som ingen vanlege folk kjenner seg att i og som dei fleste veit einast er politisk tilpassa forskarens eigne kvardagslege problem. For nett no står påstanden om at kvitt kjøtt er betre enn raudt øvst på sanningsstigen. Det einaste som kan endre på den sanninga, er at

Agendaen til forskarane var omlag like dårleg skjult som toåringar som vil leike gøyne og leite.

staten finansierar eit omfattande og langvarig forskingsprosjekt, fortrinnsvist til dei same to knektane.

Det er no ein gong slik livet i forskninga fungerer og det er på langt nær berre Aall og Presterud som spelar sine kort slik, me er vel alle meir eller mindre skuldige i det same. Problemet er berre at slike måtar å kommunisere på kan, i det lange løp, svekke heile tillita til forskninga. Me er i ferd med å undergrave oss sjølve og forskninga sin legitimitet. Me veit vel alle kor lite me legg i nyhendemeldingar som startar med den forslitne frasa «Ny forskning syner at ...».

Bjørn Egil Flø arbeider ved Bygdeforskning



FEILSLÅTT DEBATT: Debatten om raudt og kvitt kjøtt har kome fullstendig på villstrå det siste halve året, skriv Bjørn Egil Flø. FOTO: JON-ARE BERG-JACOBSEN

REPLIKK

Flere debattinnlegg finner du på side 26

Frp og Sp på lag i klimapolitikken?

■ **Fremskrittspartiet** oppfører seg som små barn i klimaspørsmålet. De holder hendene foran ansiktet og nekter å se virkeligheten i øynene. Derfor innser de ikke nødvendigheten av effektive klimatiltak.

Senterpartiet slutter seg til FN's klimapanel når det gjelder situasjonens alvor. Men når det kommer til å pålegge kommunene konkrete klimamål, vrir kommunalminister og senterpartileder Åslaug Haga seg unna. Her «kan» kommunene gjøre mye bra, men de «må» for all del ikke.

Det er noe som skurrer her: På globalt plan anser Senterpartiet

det nødvendig med en avtale (Kyotoavtalen) som forplikter medlemslandene til å oppnå konkrete mål for utslippsreduksjoner. På nasjonalt plan mener partiet derimot at det er helt unødvendig å kreve forpliktende lokale mål. Dette er påfallende.

Er det respekten for lokaldemokratiet som svekker gangsynet? Mangelen på logikk fortoner seg som enten unnfalighet eller godtroenhet. Senterpartiets intensjoner om radikal klimahandling hjelper så lite hvis de overkjøres av en selvpålagt restriksjon: Respekten for den lokale sjølråderetten. I mange kommuner sitter jo Fremskrittspar-


tiet med stor makt. Med mindre de blir omvendt, vil de forvalte denne sjølråderetten til skade for klimaet.

Klimaproblemene alvor bør stille alle andre hensyn i skyggen. Senterpartiet i regjering bør ta konsekvensen av det. Det er på tide at regjeringen pålegger kommunene mål om utslippsreduksjoner.

Elisabeth Tveter Briseid, Paris



Tine fjerner økoklyngene og gir alle økomelk-produsenter 60 øre mer per liter. Vi har spurt leserne på nationen.no om de synes det er riktig. Her er svarene:



Totalt antall stemmer: 168

Hver dag finner du avstemninger og meningsmålinger om aktuelle temaer på nationen.no. Klikk deg inn og stem!